



Arkitektkontoret Erling Haugen AS

Ytre Loftesnes 4, 6856 Sogndal

Telefon 900 52 776

www.aeh.no

Foretaksnr. no 976 552 245 mva

Bankgiro 3730 05 01584

Statens Vegvesen Region Vest

firmapost-vest@vegvesen.no

Sogndal, 7. mai 2019

SØKNAD OM DISPENSASJON FRA REGULERINGSPLAN OG VEGLOVA

Storevegen 2, Øvre Årdal
Gnr 9 bnr 168

Tiltakshavar; Krysset Eigedom as
Eigar; Årdal kommune

Orientering;

Det er halde førehandskonferanse med Årdal kommune 30. april, som førebuing til rammesøknad.

Det ligg føre ein intensjonsavtale mellom Krysset Eigedom as og Årdal kommune om renovering av ovannemnde eigedom fra 1960.

«Brannstasjonen» (fløyen som vender sørover) og næringsarealet i ein del av 1. etasje i blokka er tidlegare overteke av Elektromontasje as, som har kontor, verkstad og lager i lokala. Deira parkering og hovudtilkomst for ca. 10 tilsette er på austsida/ mot Hydro.

Bustadblokka i 3 høgder som ligg mot Storevegen/ FV 301, skal totalrenoverast; 15 einingar skal byggjast om til 10 nye. For å gjere dei fleste bustadene tilgjengelege etter teknisk forskrift, er det planlagt å byggje opp terrenget på inngangssida i plan med 1. etasje. Det må då leggjast til rette for to avkøyringar.

Noverande regulert avkøyring i grensa mot Storevegen 2 vert uendra og tener som tilkomst til all bustadparkering som er lagt inn i gardsrommet.

Vedlagte illustrasjonar viser intensjonane men ikkje detaljar med avgrensingar for avkøyringar og parkeringsareal.

Søknad om ny avkøyring

Ny avkøyring vert omsøkt som fellesavkøyring for tilkomst til Elektromontasje sitt areal på austsida, samt til heisnivå med UU-parkering på nivå med eksisterande 1. etasje.

Siktliner 4 m fra kant veg og 45 m til begge sider er teikna inn på planen både for eksisterande og ny avkøyrsløse.

Dagens praksis med muleg gjennomkøyring over fortau fra Årdalsvegen vil verte stengd.

Søknad om dispensasjon fra reguleringsplan/ avstand til fylkesveg;

Eksisterende fasade mot Storevegen er i gjeldende reguleringsplan frå 2001 sett som byggjegrænse for felt B (eigedom Storevegen 2). For å få tilgjenge til bustader på alle plan i oppgang 2B, må trapperom byggjast om og heis etablerast utanfor byggjegrænse. Det let seg ikkje gjere å tilpasse både heis og ny trappeløysing innanfor eksisterande bygningskropp.

Det vert søkt om dispensasjon fra byggjegrænse/ avstandskrav til veg med løyve til å setje opp heis 11,0 m fra senter veg.

Det vert også søkt om løyve til å plassere felles bosbod som integrert del av mur/ oppbygt terreng mot Storevegen. Avstand fra bosbod til senter veg vert 5,5 m.

Med helsing



Erling Haugen

Kopi:

Årdal kommune
Krysset Eigedom as

Vedlegg:

Situasjonskart 1:500
3D- illustrasjonar